

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.: 15/720
Vår ref.: 13861/v1
Tlf. direkte: 53430063
E-post: lars.enes@tysnes-kraftlag.no
Stad/dato: Tysnes 26. mai 2015

Høyringsuttale - endringar i energilova

Viser til høyringsnotat av 15.04.2015 om forslag til endringar i energilova.

Tysnes Kraftlag SA er eit e-verk med konsesjonsområde i Tysnes kommune i Sunnhordland. Me er organisert som eit samvirkelag, der nettkundane våre har høve til å vera medlem. Forsyningsområdet vårt er omlag 250 km², og me har eit samla distribusjonsnett på om lag 550 km. Me har omlag 3000 kundar, der om lag 50 % av desse er hytte/fritidskundar.

Som ein viktig samfunnsaktør i Tysnes kommune, har me dessutan bygd ut fibernett i heile kommunen. Me sel ikkje innhald i fibernettet, men er medeigar i Tysnes Breiband, som leiger fiberkapasitet hos oss for distribusjon av breibandstenester.

Samfunnsmessig vil kostnadane med eit selskapsmessig og funksjonelt skilje for eit selskap på vår storleik vanskeleg kunna forsvarast. Dette gjeld særleg funksjonelt skilje, som vil medføra at ein misser synergieffektane ein har i små selskap i dag, med å kunna nytta ressursar på tvers av verksemdområder. Dette vil medføra store ekstrakostnader, som igjen vert påført kundane. Det er allereie krav til nøytralitet i nettselskapa i dag. Dette, i tillegg til krav i samband med innføring av AMS, bør vera gode nok verkemidlar med tanke på å unngå kryssubsidiering. At det kan vera vanskeleg for myndegheitene å kontrollera dette, bør ikkje vera god nok grunn for innføring av selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle, så lenge det eksisterer eit regelverk som skal hindra slikt. Det er heller ikkje dokumentert nokon stad at dette er eit utstrakt problem. Å ha høve til å utnytta noko, vil ikkje sei det same som at det vert gjort. Som eit samvirkelag så har me ikkje berre myndegheitene me skal tilfredsstilla, men og medlemmane våre som naturleg nok ynskjer lågast mogeleg nettleige. I tillegg har me inntektsrama som regulerer nettinntektene. Det vil derfor i liten grad vera mogeleg for oss å driva med kryssubsidiering.

Det er dei minste e-verka som vert hardest råka av eit krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje, og desse finn ein hovudsakeleg ute i distrikta. Føremonene med å vera ein liten, lokal aktør ute i distrikta bør ikkje undervurderast. Særleg gjeld dette for kundane, som då har liten avstand til sin lokale nettleverandør. Som lokal aktør, eigd av nettkundane, er ein nøydd til å levera stabile og gode tenester. At me kanskje kjem dårlegare ut med tanke på avkastning og drifts- og vedlikehaldskostnader enn større selskap, kan gjerne skuldast at me høvesvis investerer meir i nettet vårt. Og når det gjeld effektivitet, så meiner me at DEA-modellen enno ikkje har vist seg god nok til at ein kan leggje for stor vekt på resultatata frå denne. Det viser seg at sjølv små justeringar kan gje relativt store utslag i effektiviteten for dei enkelte selskapa. Kanskje ein heller burde lagt meir vekt på kundetilfredsheit. Me meiner at me yt god service, og leverer stabile og gode tenester til kundane våre, noko KTI-målingar understøttar. Og me trur ikkje kundane våre vil vera tent med dei endringane OED no føreslår i energilova, verken på kort eller lang sikt. Det vert urimeleg å stilla same krav til eit selskap på vår storleik, som til eit selskap med over 100.000 kundar. Me opplever dette meir som eit utspel for å



gjera vilkåra for mindre e-verk så dårlege at ein tvingar fram samanslåingar, ikkje som eit forslag som er til det beste for nettkundane, og særleg ikkje for nettkundane i distrikta.

Rundt i distrikta er det hovudsakeleg nettselskapa som har stått for utbygging av fibernett. Dersom ikkje dei hadde teke dette samfunnsansvaret, hadde det nok ikkje vorte bygd ut fiber i distrikta. Men det er ikkje berre for å ta samfunnsansvar at ein har bygd ut fibernett, det er og for å tena pengar på det, noko ein og gjer. At ein no ikkje skal ha høve til å drifta fibernettet i nettselskapa vert urimeleg. Dersom kravet til selskapsmessig og funksjonelt skilje vert ståande, så bør dette avgrensast til bare å gjelda konkurranseutsett verksemd, slik som kraftomsetjing og anna marknadsekspontert verksemd. Slik at utbygging og drift av fibernett og drift av vegljøs, framleis kan liggje i nettselskapet.

Dersom kravet til selskapsmessig og funksjonelt skilje vert ståande, bør ein og innføra ei overgangsordning slik at alle selskap, uavhengig av korleis ein vel å organisera seg for å tilpassa seg krava, slepp skatt og dokumentavgift. Det vert urimeleg dersom ei slik lovpålagd endring skal medføra store ekstrakostnader i samband med naudsynte tilpassingar.

Ei eventuell forskrift for å fastsetja nærare regelverk i samband med ny energilov, bør vera klar innan lova trer i kraft. Dette for å klargjera kva alternativ dei ulike selskapa har i samband med å tilpassa seg endringane i lova.

Dersom kravet om selskapsmessig skilje vert ståande, bør ein vurdera om fristen for når dette skal vera gjennomført bør forlengast utover dei tre åra som er føreslått, etter at lova trer i kraft. Når lova er vedteken, og eventuelle forskrifter klare, treng ein tid til utgreiing av ulike alternativ for å imøtekomma dei nye krava, og for å finna dei beste løysingane. Deretter treng ein tid til å gjennomføra dei naudsynte selskapsendringane. I eit samvirkelag medfører dette vedtektsendringar, ein omfattande prosess med strenge fleirtalskrav, ein frist på tre år kan synast kort med tanke på å få på plass ei god og framtidsretta løysing, til beste for kundane. Dersom endringane vil utløysa store ekstrakostnader i samband med skatt og dokumentavgift, vil det i tillegg vera uheldig at dette skjer samstundes med frist for innføring av AMS, eit lovpålagd krav som og medfører store ekstrakostnader for nettselskapa.

Tysnes Kraftlag SA vonar med dette at OED går vekk frå kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle selskap uavhengig av talet på kundar. Det vert urimeleg å stilla same omfattande krav til alle selskap uavhengig av storleik. Dersom kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje vert ståande, vil dette medføra at ein avviklar selskap som i dag er viktige, lokale aktørar ute i distrikta. Dette er ofte små solide selskap som jobbar til beste for nettkundane og lokalsamfunnet. Dei som vil tapa på dette, trur me på sikt vert nettopp, nettkundane våre.

Med helsing

Lars Enes
Dagleg leiar